

Signing Information

Page 1/1



ÅOP-09-2025 (07) Revisjonsuttale Bordgleder KF 2025.pdf

Name	Signed with	Signed at
Tveit, Asgeir	BANKID	2026-04-15 13:00:30



This document is electronically sealed and contains electronic signatures

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Sunnfjord rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til kommunestyret i Kinn kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren
Styret

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkivkode:

Journalnr.:
039/2026

Dokumentdato:
08.04.2026

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Bordgleder KF, som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 1 514 162. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2025, løyvingsoversikter for drift og investering, økonomisk oversikt for drift, oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen eit rettvise bilete av føretaket si finansielle stilling per 31. desember 2025 og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og den international Standarden for revisjon av rekneskap til mindre komplekse einingar (ISA for MKE). Våre oppgåver og plikter etter denne standarden er skildra nedanfor under «Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen». Vi er uavhengige av føretaket i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og har overhalde våre etiske forpliktingar i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Årsmeldinga og annan tilleggsinformasjon

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og annan informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Tilleggsinformasjonen omfattar den lovpålagde årsmeldinga og annan informasjon i føretaket sin årsrapport. Vår konklusjon om

årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga eller annan tilleggsinformasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og tilleggsinformasjonen. Føremålet er å vurdere om det ligg føre vesentlege inkonsistensar mellom årsmeldinga, tilleggsinformasjonen og årsrekneskapen, samt den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen. Vi vurderer òg om informasjonen i årsmeldinga og tilleggsinformasjonen verkar vesentleg feil. Dersom vi finn vesentlege feil i årsmeldinga eller tilleggsinformasjonen, har vi plikt til å rapportere dette. Vi uttaler oss om årsmeldinga og tilleggsinformasjonen datert 17.mars 2026 og har ingenting å rapportere i så måte.

Basert på den kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal givast i samsvar med gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Uttale om utgreiing for vesentlege budsjettavvik» under uttale om andre lovmessige krav.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar har ansvaret for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilde i samsvar med regnskapslova, tilleggsføresegner i kommunelova og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for den interne kontrollen ho finn naudsynt for å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misferd eller utilsikta feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Målet vårt er å oppnå betryggande tryggleik for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misferd eller utilsikta feil, og å avgi ein revisjonsfråsegn som gir uttrykk for vår meining. Betryggande tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA for MKE alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misferd eller utilsikta feil og er å rekne som vesentleg dersom han, anten åleine eller samla, med rimeleg grunn kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Sjå [www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsberetning)

Uttale om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen, slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med den internasjonale standarden for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om utgreiing for vesentlege budsjettavvik

Vi har gjennomført eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat tryggleik, i samband med Bordgleder KF si utgreiing for vesentlege budsjettavvik, enten desse skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine føresetnader for bruken av løyvingane.

Konklusjon med atterhald

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis har vi, med unntak av det som er nemnt i avsnittet under, ikkje blitt kjent med forhold som gir grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkjande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Budsjettet som står i kolonna «regulert budsjett» er ikkje vedteke av kommunestyret. I samsvar med kommunelova § 9-15 er det kommunestyret som skal vedta budsjettjusteringar.

Sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for å greie ut om budsjettavvik

Styret og dagleg leiar har ansvaret for å etablere administrative rutinar som sikrar at det blir utarbeidd og iverksett prosedyrar for å identifisere og beskrive alle vesentlege budsjettavvik. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne føresetnader for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal styret greie ut om vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, samt vesentlege avvik frå kommunestyret sine føresetnader for bruken av løyvingane.

Andre tilhøve

Årsmeldinga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7 årsberetning da den ikkje gjer greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre ein høg etisk standard, samt den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelt etter kjønn.

Uten at det har betydning for vår konklusjon, gjør vi oppmerksom på at Bordgleder KF sin skattetrekkkonto per 31.12.2025 ikke hadde tilstrekkelige midler til å dekke påløpt skattetrekk. Dette er ikke i samsvar med skattebetalingsloven § 5-12.

Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/Dagleg leiar

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap